

DIREKTIV TIL PARTIAVDELINGSSTYRENE

OM KONTIGENTSYSTEMET

I løpet av det siste året har partiet gjort store framskritt på flere av det økonomiske området. Særskild kan vi trekke fra valgkampinnsamlinga til RV som resulterte i over 1,3 millioner kroner. Foruten at det vart samla inn mykje pengar var det framskritt i økonomiarbeidet med omsyn til planleggjing og budsjettering og med omsyn til å skjære ned utgiftar som ikkje var naudsynt og gjennomføre valkampen med knappe ressursar og stramme budsjett.

I kontigentspørsmålet er vi ikke komen så langt. Initiativet med å mellemsane skulle auke satsane sine ga eit vist resultat men ikkje nok til at partiet vart sikra dei naudsynte inntekta dei måtte ha for å ekspandere partiet si verksemd i takt med at klassekampen vert hardare og meire krevande og partiet veks i politisk og organisatorisk styrke.

Framleie er det sånn at mange medlem ikkje betalar kontigent etter dei dei ligg både i feil sats og for lågt innafor satsen. Vidare er dei gjeldande satsane verti for små etter å ha vore uendra i 2 år. Dette både avdi partiet har vekse i tyding klassekampen og avdi prisar og innflasjon har brakt oss på etterskot.

I tråd med dette vert satsane i kontigendirektivet endra slik at dei fyller dei krava partiet set til inntekta. Avdelingsstyra må studera direktivet nøye og føra en målmedveten kamp for å auke kontigentinngangen.

Dette direktivet gjeldar frå 1. januar 1976.

1. Kven skal betale kontigent?

I følge punkt 1 og 4 i vedtektene skal alle medlem/kandidat-medlem betale medlemskontigent til partiet.

2. Når skal kontigenten betalast?

Kontigenten skal betalast for eit kvartal av gongen og på etterskot.

Ved utløpet av kvartalet skal ein rekna kontigenten som forfalt og betale. Partiavdellingsstyrene er sammen med Distriktsstyrene ansvarlege for at kontigenten er krevd inn på dette tidspunkt.

3. Kva er medlemskontigenten?

Kontigenten er delt opp etter følgende fire satsar :

sats 1 mellom kroner 60 og 149 pr. kvartal.

sats 2 " " 150 og 239 " "

sats 3 " " 240 og 419 " "

sats 4 over kroner 420

3.1 sats 1

Arbeidslause, trygdede, husmødre, lærlinger skoleelever o.a med årsinntekt under kr 30000 kan betale mellom kr60 og 149.

3.2 sats 2

Medlem/kandidatmedlem med årsinntekt mellom 30000 og 45000, normalt også studenter skal betale mellom 150 og 239 pr kvartal.

3.3 sats 3

Medlem/kandidatmedlem med årsinntekt over 45000 skal betale mellom 240 og 419 pr kvartal.

3.4 sats 4

Denne satsen er for medlem med sær god økonomi og som har høve til å betale over kr 420 pr kvartal.

3.5 fastsetting av kontigenten

Kontigenten for kvar einskild kamerat fastset ein etter ein diskusjon om den økonomiske evna. Diskusjonen bør ta utgangspunkt i årsinntekta, men andre forhold som til dømes boutgifter, gjeldsbyrde forsørgingsbyrde osv må takast med i vurderinga. vurderinga av kvar einskild etter økonomisk evne er overordna gradering etter årsinntekt. Diskusjonen bør oppmuntre alle til å betala så høg sats som mogleg innafor satsane.

Avdelinga må vere smidige med fastsettinga av kontigenten for den einskilde. Formålet med ulike satsar er nettop å ta hensyn til ulik økonomisk evne innafor partiet, og gje rom for at medlemma/kandidatmedlemma skal kunne betala så høg kontigent som råd.

4. Kven krev inn kontigenten?

Partiavdelingsstyrene skal kreve inn kontigenten frå sine medlem/kandidatmedlem. Innbetalinga bør skje kvar månad for at kontigenten ikkje skal hopa seg opp til ein svær sum kvart kvartal.

Distriktsstyre eller SK krev inn kontigenten frå dei einskilde partiavdelingene. Hvis DS samlar inn pengane skal dei vidare til SK etter særskild innstruks.

4.1 Partiavdelingsskatt

Tidlegare skulle partiavdelingsskatten fastsetjast i tillegg til kontigenten. Dette fell no bort. No inngår partiavdelingsskatten som ein del av kontigenten og er fastsett slik at avelinga kan trekke inntil 10% av den totale kontigentsummen til egen drift. Dispensasjon frå dette kan berre gjevast av Sentralkomiteen etter egen søknad.

Avdelinga bør fastsetja trekkprosenten sin etter eit framlagt budsjett slik at avdelinga ikkje trekk meir enn det som er naudsynt for avdelinga si drift og slik at han kan regulerast om kontigentinngangen aukar eller minkar.

Utover dette har avdelinga høve til å samle inn pengar til særskilde formål bland medlemma.

Dersom avdelinga akkumulerar kapital frå tidlegare kvartal som ikkje inngår i ei planlagt investering e.l bør avdelinga gje løyvingar til andre organ i partiet.

Overordna organ i partiet har høve til å peike på for avdelinga at trekkprosenten er for høg.

4.2 Kven kan påleggja kontigent?

Utover den obligatoriske kontigenten til SK er andre innbetalings- ar frivillige.

Berre SK kan pålegge medlemma kontigent.

5. Kan medlemmskontigenten avvikast?

I kontigentspørsmålet står avdelingene annsvarleg via DS til SK. Sentralkomiteen skal motta eit samla kontigentbeløp innafor dei ulike satsane som svarar til medlemstallet i organisasjonen.

5.1 Kan ein avvike frå satsane?

Svært ofte vil alle dei tre kontigentsatsane verta nytta innafor ein einskild avdelin g. Ingen kan avvike frå satsane ved å betala under sats 1. Avvik frå kontigentsatsane vert berre aktuelt når så mange i ei avdeling ikkje kan betala lågaste sats at ikkje dei andre i avdelinga ... maktar å veie opp dette.

Partiavdelinga er då i ein ekstraordinær situasjon og må søkje SK om løyve til ikkje å betala inn full kontigent etter lågaste sats.

5.2 Endring av satsane

Det er ikkje høve for medlemma å endra innbetalingsbeløpet frå gong til gong pga. god eller dårle g råd. Endring av kontigenten må skje etter ein ny diskusjon om økonomisk evne.

5.3 Kan innbetalinga utsetjast?

Det er vedtektsstridig ikkje å betala kontigent. Utsetting av ... betalinga skal difor ikkje skje. Normalt har ei avdeling ikkje høve til å søke om utsetting med betalinga. Dersom ei avdeling har ein sars vanskeleg økonomi skal dei ikkje halde attende kontigenten, men be DS eller SK om hjelp.

5.4 Kontigent for partimedlem/kandidatmedlem som også er medlem av RU eller NKS

Medlem/kandidatmedlem som også er medlem av RU eller NKS kan

ikkje avvike frå kontigentføresegna i partiet.

Som medlem/kandidatmedlem i partiet bør dei i partiet sine ungdomsorganisasjonar gå foran som eit døme i økonomiarbeidet i dei organisasjonane.

Samtidig må dette ikkje nyttast som orsaking for ikkje å betala kontigent i partiet etter økonomisk evne .Som ein regel bør dobbeltmedlem betala kontigent i dei to organisasjonane slik at summen vert lik det medlem med same økonomiske evne betaler i partiet.

Det understrekast at medlemmar som er med i ungdomsorganisasjonane fyrst og fremst er partimedlem. Dette må ein legge vekt på også når ein fast set kontigenten.

6.Rapportplikt

Partiavdelingane skal halde orden i kontigentinnskrevinga.Dei skal andsynes DS og SK kunne dokumentera at den summen dei betalar inn er den rette for avdelinga.DS og SK treng eit oversyn over kor stor kontigentinngangen er og korleis den fordøler seg på dei ulike satsane. Dette er naudsynt for å kunne driva eit skikkeleg budsjetteringsarbeid.Avdelingane skal nytta dei rapportskjemane som dei får og gje alle opplysningar som ein krev der.

Rapporane skal leverast saman med kontigenten til DS eller SK. Økonomiansvarleg frå avdelinga må og nytta eit kontrollsystem, slik at avdelinga kan kontrollera at pengane som er innbetalte går til DS eller SK direkte.(Kvitteringsslippen nederst på rapportskjemaet)

NOVEMBER 1975

Sentralkomiteens Arbeidsutval.